

KULTURDEPARTEMENTET  
Postboks 8030 DEP  
0030 OSLODato: 07.12.2017  
Vår ref.: 2017/3764-51  
Saksbehandlar: Bjørg Larsen  
Dykkar ref.:

## Klage på avslag på søknad om tilskot til Lokale Kulturbygg 2017

Saka gjeld handsaming av klage på vedtak i Utval for kultur, idrett og regional utvikling, fatta den 13.09.2017, om fordeling av spelemidlar til lokale kulturbygg 2017.

Etter tildelinga i 2017 er det kome inn klage frå ein søkjar. Klagen er førebudd av Kultur og idrettsavdelinga i samsvar med forvaltningslova kap. VI, og vert lagt fram for Utval for kultur, idrett og regional utvikling til ny vurdering jfr Forvaltningslova § 33, 2.ledd. Dersom Utval for kultur, idrett og regional utvikling ikkje fattar vedtak om omgjering, vert saka sendt Kulturdepartementet for endeleg avgjerd jfr forvaltningslova § 33 fjerde ledd.

Kulturdepartementet har utarbeidd kriteria og retningslinene for tildelinga av desse midlane.

### **Bømlo kommune – Moster museum**

Moster tur- og sogelag søkte om tilskot på kr 140 000,- til kjøp og oppgradering av lager. Kostnadssum på kr 427 000,-.

Vurdering i vedtaket var: Moster Museum har så lite opningstider at fylkesrådmannen ikkje kan tilrå støtte.

Tilråding: Avslag

### **Ny vurdering:**

Moster tur- og sogelag har klaga med fyljande grunngjeving: «Moster Sogelag har søkt om tilskot for andre år på rad og fått avslag. Bømlo kommune har hatt søknaden som første prioritet til fylket både i 2016 og 2017. Til orientering er Moster sogelag og ein del av nærmiljøprosjektet i Bømlo.

Grunngjeving for avslaget i 2016 var at søknadssummen var for liten. Med dette som bakgrunn for søknaden i 2017, tok me med dei store investeringane som er gjort dei siste åra.

Grunngjevinga for avslaget i 2017, var at Moster Museum har så lite opningstider at fylkesrådmannen ikkje kunne tilrå støtte. I tillegg står det vidare i sakshandsaminga: Oppgradering av lager knytt til Moster museum.

Dersom søknaden er oppfatta at det er ei oppgradering av eit lager, er dette feil. Moster sogelag har kjøpt tilleggsareal som tidlegare har vore brukt til lager. Tilleggsarealet skal brukast til utviding/ utstilling i museet.

Moster museum/ kulturstove blir brukt som lokalt museum og kulturstove for heile kommunen. Lag og organisasjonar har nytta huset/ lokala til møter og omvisingar etter avtale. Det har vore vitjing av skular og barnehagar. I tillegg til lokale lag har me hatt vitjingar frå Haugesund og

Sunnhordland. Museet har sesongope kvar sommar frå juni til august. Elles har Moster Museum ope heile året, etter avtale. I tillegg arrangerer me jul i gamle dagar kvart år med juleverkstad for born. Det har vore arrangert temautstillingar, temakveldar og julemesser.

Samanlikna med andre museum i regionen meiner me det er lite relevant å bruka opningstider som argument i avslaget, då andre museum i regionen også har opning etter avtale.»

Moster tur- og sogelag viser i sin klage på avslag at dette ikkje er oppgradering av lager. Ved sakshandsaminga er det tatt omsyn til kva søknad er registrert som. Tilskot til lokale kulturbygg gjer støtte til lager, så dette er ikkje negativt for søknad – og er heller ikkje grunngjeving for avslag.

Dersom Hordaland fylkeskommune skal gje tilskot til Lokale kulturbygg skal det vere ope og tilgjengelig for alle. Moster Museum er sommarope frå kl 1500-1800 og etter avtale resten av året.

Fylkesrådmannen meiner at Moster Museum har så lite opningstider at Hordaland fylkeskommune ikkje kan gje tilskot frå Lokale kulturbygg i denne omgang. Det var mange gode søknadar i år og lite midlar til disposisjon. Fylkesrådmannen må foreta ei prioritering mellom anna ut frå tilgjenge. Moster tur- og sogelag samanliknar med andre museum i regionen i sin klage. Fylkesrådmannen må ta omsyn til dei musea som søker tilskot i same ordning og til same tid. Det kan t.d. nemnas at Rosendal skipsbyggjarmuseum fekk avslag med same grunngjeving.

Etter slik vurdering kjem fylkesrådmann til følgjande konklusjon: Klagen vert ikkje teke til fylgje.

Vedtaka vart oppretthalde i Utval for kultur, idrett og regional utvikling 5. desember 2017. Klagen vart difor sendt Kulturdepartementet som neste klageinstans.

Ronny B Skaar  
Leiar

Bjørg Larsen  
Spesialrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*